
Vår referanse 2020/61921-3
Dato 03.09.2020

HJELMÅS VVS AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Vedtak - Dispensasjon frå byggjegrænse - fv 5450 - gnr 53 bnr 1 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune syner til søknad motteken 18.8.2020.

Vedtak:

Med heimel i veglova § § 29 og 30 gir Vestland fylkeskommune dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 5450 på gnr. 53 bnr. 1 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjon:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremålet som kjem fram av søknaden.
2. Avløpsrensleanlegget skal plasserast slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden, med minste avstand til vegmidte sett til 18m.
3. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket er starta innan tre – 3 – år frå dags dato.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggjegrænse, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Vestland fylkeskommune si side.
5. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Vestland fylkeskommune.
6. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.
7. Det må søkjast om grave- og framføringsløyve for arbeid som inneber graving, legging, flytting, reparasjon og fjerning av kablar og leidningar over, under og langs fylkesvegen. Følg lenkja nedanfor for å få dette avklart;

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettbar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggjegransa skal ivareta omsynet til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Søkar ønsker å bytte ut dagens slamavskiller med eit nytt avlaupsrensleanlegg. Følgeleg vil det nye rensleanlegget plasserast på same stad. Fartsgrensa på staden er 80km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 200. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse lite streng jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*». Dette vil mellom anna seie at vegen har funksjon som ein lokal veg. Vidare stadfestar Rammeplan at byggjegransa for haldningsklasse lite streng er sett til 15m frå vegmidte. Omsøkt tiltak og situasjonsplan syner som nemnd innleiingsvis ei avstand frå vegmidte på 18m. Dette talar for å kunne gje ein dispensasjon for omsøkt tiltak. Elles vil tiltaket etter vår vurdering vere lite inngripande for dets omgjevnadar. Trafikken på staden vil heller ikkje bli påverka.



Fylkesatlas.no/veg: plassering av tiltak merka grønt

Etter ei heilskapleg vurdering av tiltakets art og omfang gir Vestland fylkeskommune med dette dispensasjon frå byggjegransa mot fv. 5450 på gnr. 53 bnr. 1 i Alver kommune.

Retten til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jmfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 – veker frå vedtaket er motteken. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune som sender over saka til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift